Kandidat til Vannbransje-prisen 2018

# Avløpsreinseanlegg utan lukt og utan kontakt med avløp?? JA,- på Stord!




Skjersholmane avløpsreinseanlegg,- slamavskiljaranlegg for 6700 PE og som held kravet til både primærreinsing og akkreditert prøvetaking.  Anlegget, ***også omtala som verdas største slamavskiljaranlegg,*** har eige kammer for sedimentering («slamavskiljar») og eige kammer for slamlager. Her er det reint, enkelt, moderne, - og minimalt med tilsyn. Tyngdekrafta gjer jobben!



97 m$^2$ servicebygg, 185 m med horisontale PE-tankar under bakken, Ø=3m, fordelt med 2 slamavskiljarar (à 35 m), 2 slamlager (à 35 m) og ein ventiltank (45 meter lang).




2 sedimenteringstankar/slamavskiljarar, 1 ventiltank og 2 slamlagertankar. Her i byggegropa.





Einaste staden på anlegget du kan sjå avløp, er gjennom glaset over denne fordelingskummen i «visningsrommet» vårt. **Luktfritt!**







Ventiltanken, 6 meter under bakken (Ø=3m). Vindeltrapp ned.

Stasjon for akkreditert prøvetaking



# Media og VA-bransjen viser interesse.....







**FUNKSJONELT:** Skjersholmane avløpsreinseanlegg ser meir ut som eit funkishus enn eit kloakkreinseanlegg.

**INNBLIKK:** Ein kan sjå kloakken frå Heiane og Kårevik gjennom eit

**TEK PRØVAR:** Med faste mellomrom tek ein kloakkprøvar direkte frå avløpsleidningane, og lagrar dei i eigne kjøleskap for seinare laboratorieundersøking.

**DO PÅ KLOAKKANLEGGET:** Eit eige toalett med dusjkabinett er også på plass på anlegget.

**SVÆR VENTILTANK:** Prosjektleiar Arnstein Hetlesæter (f.v.), driftsoperatørar Kjetil Brekke og Sveinung Vinje, og einingsleiar Roy-Sverre Amundsen i Stord kommunalteknikk i den 45 meter lange ventiltanken 6 meter under bakken på Skjersholmane. På kvar side av denne tanken ligg svære sedimenttankar, som ventilane hentar ut slam frå, og lagrar i eigne tankar, som deretter vert køyrt vekk av SIM. Alle foto: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

**RASTEPLASS:** Over tankane som ligg under bakken har kommunen fått på plass eit par rasteplassbenkar i stein, slik at anlegget sklir mest

**GODT SKJULT:** Anlegget til avløpsreinseanlegget på Skjersholmane er for det meste skjult under bakken. Området bak er blitt ein stor parke-

**SAME STIL:** Vassmålestasjonen på Valvatna og andre pumpestasjonar i kommunen dei siste åra, er bygde i same stil.

**REINSLEG:** Inne i bygget er slangar plasserte strategisk for å gjera reingjering lettast mogeleg.

## Funkis-kloakkanlegget gjer susen

**JOBBEN MIN**

Har du ein jobb du trivst med? Eller ein spesiell jobb? Send oss gjerne eit tips, på redaksjonen@sunnhordland.no, eller tlf. 40 40 32 40.

**Avløpsreinseanlegget på Skjersholmane til 35 millionar er så flott og funksjonelt at ein nesten kunne ha budd der.**

Like før ferjekaien på Skjersholmane kan ein sjå eit flunkande nytt og flott bygg på høgresida av vegen. Det ikkje eit kontorbygg eller eit hus, men eit avløpsreinseanlegg med kapasitet til å behandla og lagra kloakk frå tilsvarande 7.000 personar i Heiane og Kåreviksområdet.

Anlegget er eit såkalla sedimenteringsanlegg, og vart teke i bruk ved nyttårsskiftet, etter to års byggjetid. Eit halvt år seinare merkar Stord kommunalteknikk allereie store skilnader på drifta. Samanlikna med til dømes deira gamle mekaniske sil-reinseanlegg i Djupavikjo i Leirvik, krev det nye anlegget ikkje dagleg vedlikehald. Sedimenteringsanlegget styrer seg heilt sjølv, og det reinsa avløpsvatnet går ut på 45 meters djupne, 400 meter ute i fjorden. Operatørane går no berre med jamne mellomrom og smører ventilar, og tek prøvar. Sunnhordland fekk vera med inn og sjå, og eit reinare kloakkanlegg skal ein nok leita lenge etter. Overalt ser ein store og kvite overflater. I tillegg er det toalett, dusj, kjøleskap, oppvaskmaskin og TV-skjerm i bygget. Ja, det einaste som manglar er vel mest ei seng.

– Kontaktflater med kloakk har blitt minimert for å sikra eit så godt som mogeleg arbeidsmiljø for våre operatørar, fortel einingsleiar Roy-Sverre Amundsen i Stord kommunalteknikk.

– Ein er nesten aldri i kontakt med ureint vatn samanlikna med i dei gamle anlegga. Det einaste er om ein skal skifta ein ventil eller liknande, då kan det komma litt kloakk ut, seier driftsoperatør Sveinung Vinje.

> **Ein er nesten aldri i kontakt med ureint vatn samanlikna med i dei gamle anlegga.**
> Sveinung Vinje

– Kloakkreinseanlegget består av to store røyr på 35 meter, såkalla slamavskiljarar, som tek imot kloakken og sender slammet vidare til eigne slamlagertankar. Anlegget er dimensjonert for om lag 8.000 personekvivalentar. Det har aldri blitt bygd eit så stort anlegg av denne typen før i Norge, kanskje til og med i verda, held Roy-Sverre Amundsen fram.

For nokre år sidan planla Stord kommune å laga eit sentralisert anlegg, framføre fleire små. Då med lokasjon i Valevågen. Slik gjekk det ikkje. Protestane var store frå naboane, og ein fann også ut at desentraliserte anlegg av typen ein i dag ser i Skjersholmane ville vera kostnadssparande. No skal det koma tre slike anlegg til på Stord.

– Planen vår omfattar totalt fire avløpsreinseanlegg i kommunen. Forutan Skjersholmane planlegg me tre nye reinseanlegg innan 2024. Eit nytt anlegg er planlagd i Djupavikjo, med kapasitet på 20.000 personekvivalentar. Eitt anlegg skal koma i Grunnavågen, og eitt i Sævarhagen, begge med ein kapasitet på 8.000 personekvivalentar. Det er mykje som skal gjerast på sju år. Mellom anna skal anlegget som står i Frugarden i dag avviklast og erstattast med pumper, som skal koplast på det nye anlegget som kjem i Djupavikjo, seier einingsleiaren i Stord kommunalteknikk.

**➤ Henrik Mundal Andreassen**
henrik@sunnhordland.no

*Faksimile frå «Sunnhordland», 03.09.18*




# Velkommen til Stord!

